



Utdannings- og forskningsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

LFD	
Saksnr.	20503366
Arkivkode	660

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykkar ref.:
200506449-6/52.T00/RHHA

Bergen, 25. november 2005

Høyringsuttale til "Forskrift om forrentning og tilbakebetaling av utdanningslån 2006"


Vedlagt følger høyringsuttale frå Hordaland fylkeskommune om "Høring Forskrift om forrentning og tilbakebetaling av utdanningslån 2006".

Saka vart handsama av Opplærings- og helseutvalet i møte 08.11.05-09.11.05 og i fylkesutvalet 21.11.05-22.11.05.

Fylgjande vedtak vart gjort:

Fylkesutvalet tilrår at departementet ser nærare på dei uklære punkta som det er peika på i fylkerådmannen sitt saksframlegg kring bandet mellom utdanningsgjeld og person.

Etter fullmakt


Rolf Hall Hansen
Rådgevar

Vedlegg: Høyringsuttale



Arkivsak 200506449-3
Arkivnr. 52.T00
Saksh. Hansen, Hall Rolf

Saksgang	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet	08.11.2005 - 09.11.2005
Fylkesutvalet	21.11.2005 - 22.11.2005

HØRING FORSKRIFT OM FORRENTNING OG TILBAKEBETALING AV UTDANNINGSLÅN 2006

SAMANDRAG

Fylkeskommunen fekk tilsendt "Høring Forskrift om forrentning og tilbakebetaling av utdanningslån 2006" og vart beden om uttale innan 30. november 2005. Fylkesrådmannen har gått igjennom forskrifta og har få merknader til det ny framlegget. Likevel har vi omtala nokre punkt som verkar uklåre.

FORSLAG TIL INNSTILLING

Fylkesutvalet tilrår at departementet ser nærare på dei uklåre punkta som det er peika på i fylkesrådmannen sitt saksframlegg kring bandet mellom utdanningsgjeld og person.



Paul M. Nilsen



Svein-Erik Fjeld

Vedlegg:

Høring Forskrift om forrentning og tilbakebetaling av utdanningslån 2006

FYLKESRÅDMANNEN, 27.10.2005:

Fylkesrådmannen fekk tilsendt "Høring Forskrift om forrentning og tilbakebetaling av utdanningslån 2006" og vart beden om uttale innan 30. november 2005.

Fylkesrådmannen har fylgjande kommentarar til "Høring Forskrift om forrentning og tilbakebetaling av utdanningslån 2006".

I kapittel I pkt.10.1 heiter det "Utdanningsgjeld er personlig og kan ikke overdras til andre".

Same kapittel pkt. 9.3 "Lån, renter og omkostninger kan bli ettergitt i den grad det ikke anses mulig å inndrive fordringen. En søknad om ettergivelse skal inneholde dokumenterte opplysninger om inntekten, formuen, gjelden, antall barn og levekostnadene til låntaker. Søknaden skal også inneholde tilsvarende opplysninger om ektefelle eller samboer og annet som kan være av betydning i saken.

Ved vurdering av søknaden skal det legges vekt på de økonomiske forholdene til låntakeren....."

I Kapittel II pkt. 2.5 heiter det: "Rentefritak etter kapittel II, punktene 2.1.4, 2.3 og 2.4, blir behovsprøvd mot inntekten til låntakerens ektefelle, partner eller samboer som låntakeren har felles barn med."

Sett opp i mot pkt. 9.3 i kapittel I og pkt. 2.5 i kapittel II oppstår det rimeleg tvil om korleis ein skal forstå kapittel I pkt.10.1.

Dersom utdanningsgjeld er personleg, kvifor skal ein då sjå på ektefelle eller sambuar sin økonomi når ein låntakarar søker om t.d. rentefritak eller ettergivnad av lån? Kvifor skal ein behovsprøve søknad om rentefritak opp mot inntekta til låntakaren si ektefelle, partner eller sambuar som låntakeren har felles barn med?

I begge desse tilfella kan ein tenkje seg situasjonar der gjelda til ein låntakar i praksis vert belasta andre enn låntakaren.

Det er noko uklårt kvifor ein i kapittel II pkt. 2.5 spesielt nemner låntakarar som har og ikkje låntakarar som ikkje har felles born med ektefelle, partner eller sambuar?